



Helse Vest RHF
Att. Bård Humberstet
Postboks 303, Forus
4066 Stavanger

Vår ref: (oppgjve ved kontakt)
2019/3104 - 34660/2019

Dykkar ref.: 2019/7815-
54448/2019

Saksbeh.: Trude Iren Hessvik,
tlf: 992 84 342

FØRDE,
11.11.2019

Innspel til ny plan for internrevisjon i Helse Vest (2020-2021)

Viser til brev datert 09.08.2019 angående oppmoding til innspel til ny plan for internrevisjon i Helse Vest for perioden 2020-2021.

Helse Førde har følgende innspel til regional plan for internrevisjon:

Tema	Kommentar
Systematikk og prosess for innovasjonsprosjekt i Helse Vest	Gjennom ei rekkje verkemiddel vert det forsøkt lagt til rette for at medarbeidarar i Helse Vest skal arbeide med innovasjon og innovative idear. Ein del av desse ideane blir til kommersialiserte produkt med stor verdi. Dei fleste medarbeidarane som går inn i ein slik prosess gjer det for første gong. For å lukkast i målsettinga om å løfte fram innovative idear til ferdige produkt må det ligge ein god systematikk i botnen. Eit revisjonsprosjekt, som vurderer om den rette systematikken og dei rette verktøya er tilgjengelege for innovatørar, kan peike på viktige tiltak som fremmar ønsket om fleire innovasjonar.
Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy	I regionen vert det kvart år innført nye IKT-verktøy, og det vert gjort store investeringar i nye system. I mange av innføringsprosjekta er det gjort prosesskartleggingar og teikna nye arbeidsprosessar som skal betre effektiviteten. Nokre eksempel på dette kan vere Kule, Xpand og Libra. I samband med dette kunne det vore nyttig å gjennomføre ein internrevisjon for å kartlegge om arbeidsprosessane vert endra i samsvar med plan, og om endring av arbeidsprosessar gir forventa effekt. Mellom anna



Tema	Kommentar
	for å få fram korleis ein skal sikre det ved framtidige innføringar.
Internkontroll i byggeprosessar	I alle helseføretaka i Helse Vest er det planar om, eller i gang, store byggeprosjekt. Dette er store investeringar som set krav til god internkontroll og oppfølging av lover, forskrifter og andre føringar. Eit internrevisjonsprosjekt på dette området vil vere gunstig i dei komande åra.
GDPR - Personvernforordninga	Undersøke om helseføretaka i Helse Vest overheld krava i den nye personvernforordninga.

Ta gjerne kontakt om det skulle vere noko spørsmål til dei ulike innspela.

Med helsing

Arve Varden
Administrerende direktør